

Lindås kommune  
Kultur og aktivitetseininga  
5914 Isdalstø

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
26. 06. 2017	
Ark. saksnr 17/2023	Løpenr
Saksnr.	Tilgangskode

**Lindåsparken. Søknad om kulturmidlar 2018**

**22.juni 2017**

Som De truleg veit, vart dagnadsprosjektet LINDÅSPARKEN offentlig opna av fylkesmann Svein Alsaker 10. august v2002

I 15 år deretter har parken vore vedlikehalde av -Vangsgutane-, med god økonomisk hjelp av Lindås kommune, dette er eit godt døme på frivillig dagnadsarbeid, gjer mest muleg sjølv, og bed so det offentlege om litt økonomisk hjelp. Takk! Dette virkar godt i Lindås kommune.

-Vangsgutane- tillet seg atter ein gong å søkja Lindås kommune om tilskot til vedlikehaldsarbeid i parken for året 2018

Grunn for søknaden denne gongen er at det no syner seg ein skjemmande trevokster framfør utsynet frå parken, fleire bygdelag, som ein såg tidlegare frå parken, er det i dag stengt utsyn for.

Me tek difor sikte på å møta grunneigarar som har trea på sine eigedomar, og få avtale om trefelling vinter/vår 2018

Mesteparten av arbeid med å atterreisa det gode utsyn vil me få utført som dagnad, men noko av arbeidet må betalast for.

Som tidlegare år må me ogso i 2018 skifta ut eindel vekstar i parken, og kjøpa bork for tildekking.


Me tillet oss å søkja om tilskot for 2018

**Kr. 15.000.-**

Likevel, eit tilskot i ein eller annan sum, er eit godt tilskot.

Med venleg helsing

For Vangsgutane



Karstein Stene

(Audun Fanebust, Kjell Hauge, Sigbjørn Tenjum, Hans Jakob Låstad Lygre, Håvard Fanebust).